

**SOGN OG FJORDANE
BONDELAG**


Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM
Norge

Vår sakshandsamar
Merete Støfring
+47 95 94 74 37

Vår dato
12.04.2019
Dykkar dato

Vår referanse
15/00021-137
Dykkar referanse

Uttak av grensejerv i region 1 og region 3

2017 og 2018 var eit godt år for beitenæringa i region 1. dette skuldast SNO sitt arbeid på vårparten der ein tek ut jerv som hindrar stor vekst i tal jerv i regionen. No skriv vi 2019 og vi i beitenæringa er stekt uroa før for årets beitesesong. Så langt er ikkje ein einaste jerv felt i regionen i 2019. Til denne tid i år ligg det føre individnotert DNA frå to individ i 2019 (3750 og 3771) – begge tisper. Den eine held seg mykje i området Luster og Årdalshalvøya medan den andre held seg i området Stryn/Skjåk/Stranda. Så veit vi ut frå analyser frå tidlegare år at det er mange fleire jerv i beiteprioritert området i Indre Sogn. Ei kvar tisper vil til dømes trekke til seg fleire hannar. Dette skjer samstundes som det allereie er dokumentert ei yngling i Visdalen i Lom og ei yngling i Lundadalen i Skjåk denne våren. Samstundes er mistanke om ei tredje yngling langt vest i Skjåk. I det området er det denne vinteren dokumentert ei tisper som brukar beiteprioriterte område både i region 1 og region 6.

Tal ynglingar pr. 16.4.

	2017	2018	2019
Lom/Skjåk – sør for Ottadalen	2	3	2 (3)
Tal yngleuttak	0	0	
Dokumentert yngling totalt i region 3	6	4	5 dokumentert og 1 antatt (Lesja)

Dette er jervar som brukar områda både i region 3 og i region 1. Kall dei gjerne grensejervar. Det vil ikkje vere tvil om at desse ynglingane utgjer eit skadepotensiale for beitedyra i region 1!

Vi forventar at styresmaktene har ein plan for ekstraordinært uttak av jerv både i Sogn og Fjordane og i region 3 sine grenseområde mot Sogn. Ja, vi veit at region 3 sine grenseområde har status som yngleområde, men noko vert heilt ruskande gale om alle ynglingar i region 3 skjer kloss opp til det store politiske vedtekne beiteprioriterte område i region 1. Det er heilt naudsynt med uttak av grenseynglingar i region 3 for å kunne sikre Region 1 sin status som beiteprioritert område!

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Hafstadvegen 21
6800 FØRDE
Sogn Og Fjordane Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Hafstadvegen 39
6800 FØRDE
Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:
57837080

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto: 8101.05. 91392

E-post:
sogn.fjordane@bondelaget.no

Internett:
<http://www.bondelaget.no/sognogfjordane/>

Vår dato
12.04.2019

Vår referanse
15/00021-137

Samstundes har vi ein ulv (så langt vi kjenner til) som har slått seg til ro i ytre Sunnfjord/Sogn. Dokumentert på ny gjennom DNA frå mars månad. Denne utgjer også eit stort skadepotensiale for beitenæringa i regionen.

Vi ber difor Miljødirektoratet om å setje i verk tiltak som kan redusere skadepotensialet i førekant av beitesesongen i region 1. Særleg med fokus på situasjonen med jerv i Indre Sogn og Stryn, men ein må heller ikkje gløyme ulven i Ytre deler av fylket.

Med venleg helsing
Elektronisk godkjent, utan underskrift

Anders Felde, fylkesleiar

Merete Støfring

Kopi:
Rovviltnemnda i region 1 og region 3
Kommunar i Indre Sogn
Stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane
Norges Bondelag